



Statens vegvesen

Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Rolf Raknes

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
16/159785-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
19.06.2018

Svar på offentlig høyring av framlegg til reguleringsplan for Urhaug bustadområde, gnr. 45, bnr. 4, 5, 168 m. fl. Plan-ID 12602016000600 – Manger

Vi viser til Dykkar brev av 01.06.2018 med framlegg til reguleringsplan for Urhaug bustadområde, gnr. 45, bnr. 4, 5, 168 m. fl. på Manger i Radøy kommune.

Planområdet er på totalt 22,4 daa og ligg på Urhaug om lag 1 km vest for Manger sentrum. Føremålet med planarbeidet er å utarbeide ein detaljreguleringsplan for å legge til rette for fortetting og utbygging av eit bustadområde på Urhaug i Radøy kommune med tilhøyrande veg- og grøntareal. Planframlegget legg opp til høg utnytting.

Planområdet omfattar i tillegg til internt vegsystem og deler av fylkesveg 410.

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er i første rekkeknytt til arealbruken langs riks- og fylkesvegnettet. Vi har og ansvar for å sjå til at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), rikspolitiske retningslinjer for samordna areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale føringar vert ivaretekne i planlegginga. I denne planen utalar vi oss som forvaltar vav fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar på transportområdet.

Statens vegvesen har tidlegare i vårt brev av 09.11.2016 gjeve uttale til melding om oppstart av planarbeidet. I dette brevet fokuserte vi spesielt på tiltak knytt til fylkesvegen (kryss, busslommer og tilbod til mjuke trafikantar) og tekniske teikningar i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.

Planframlegget viser utbetring av krysset med fylkesveg 410 og tilbaketrekking av gang- og sykkelvegen forbi krysset. Tilsvarande er det vist utforming av busslomme på nordaustsida av krysset innanfor planområdet.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Etter det vi kan vurdere er krysset dimensjonert i samsvar med Handbok N100 (vegnormalen) og Handbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss.

Frisiktsoner er vist med tilfredsstillende krav slik vegnormalen krev.

Busslomma er dimensjonert i samsvar med Handbok 123 tilrettelegging av kollektivtransport på veg.

Statens vegvesen vil setje som krav at det vert innarbeidd eit rekkjefølgjekrav om at krysset med fylkesveg 410 og tilbaketrekking av gang- og sykkelvegen (o_SKV, o_SGS1 og o_SGS2) skal vere opparbeidd i samsvar med godkjend reguleringsplan før det kan gjevast mellombels bruksløyve for nye bustader innanfor planområdet.

Ut over dette har vi ikkje vesentlege merknader til planframlegget.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN